

**Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF**

Tid: 25.02.2008 10:00 - 13:00  
Møtestad: Stavanger, Helse Vest RHF

**Styremøtet var ope for publikum og presse**

Deltakarar frå styret:	Forfall:
Oddvard Nilsen	Eli Moldeklev
Leiar	Medlem
Kari Oftedal Lima	
Nestleiar	
Gunnar Berge	
Medlem	
Torhild Selsvold Nyborg	
Medlem	
Ohene Aboagye	
Medlem	
Gro Skartveit	
Medlem	
Nils P Støyva	
Medlem	
Gisle Handeland	
Medlem	
Gerd Dvergsdal	
medlem	
Inger Hamborg	
Medlem	
Helge Espelid	
Medlem	
Aslaug Husa	
Medlem	
Gunnar Berge	
Medlem	

**Deltakarar frå administrasjonen:**

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Viseadministrerande direktør Helge E. Bryne
Fagdirektør Odd Søreide
Økonomidirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal
Seniorrådgivar Torunn Nilsen

**Saker:**

- 
- |          |  |
|----------|--|
| 018/08 B | Godkjenning av innkalling og dagsorden                   |
| 019/08 B | Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 6. februar 2008 |
| 016/08 B | Val av revisjonskomité til styret                        |
| 020/08 B | Nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest                     |
| 021/08 B | Årleg melding for 2007                                   |
| 022/08 B | Val av nye styre i underliggjande helseføretak           |
| 023/08 B | Eventuelt  |

## **018/08 B Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Kommentarar:**

#### **Forfall:**

Eli Moldeklev hadde meldt forfall til møtet.

Alle 4 varamedlemmer var kontakta, men alle hadde meldt forfall.

#### **Lukking av møte:**

Styreleiar orienterte om at styremøtet ville bli lukka under deler av diskusjonen i sak 022/08 B Val av nye styre i underliggjande helseføretak – Offl § 5, 1. ledd

#### **Følgjande dokument var delt ut i møte:**

Til sak 021/08 B - Det regionale brukarutvalet sine kommentarar til Årleg melding.

Til sak 022/08 B - Oppdatert oversikt over innmelde kandidatar til styra i helseføretaka

#### **Eventuelt:**

Følgjande saker vart meldt til eventuelt:

Møteplan for 2008 (Oddvard Nilsen)

#### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **019/08 B Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 6. februar 2008**

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 6. februar 2008.

## **016/08 B Val av revisjonskomité til styret**

### **Kommentarar:**

Med bakgrunn i val av nytt styret for Helse Vest RHF i føretaksmøtet 25. januar 2008 skal det veljast ny revisjonskomité.

Saka var utsett frå styremøte 6. februar.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret oppnemnde følgjande styremedlemmer som representantar til revisjonskomiteen til styret:

Kari Oftedal Lima, leiar  
Gro Skartveit, medlem  
Helge Espelid, medlem

## **020/08 B Nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest**

### **Kommentarar:**

I styremøtet 6. februar 2008 blei styret i Helse Vest orientert om vedtak i føretaksmøtet i Helse Vest RHF 18. desember 2007 vedrørande nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest og om prosessen etter føretaksmøtet. Det blei vidare orientert om at administrerande direktør ville utforme utkast til føretaksprotokoll for Helse Bergen og Helse Stavanger. På denne bakgrunn vert det lagt fram utkast til føretaksprotokoll for dei to føretaka.

Styret vil bli orientert om utviklinga i saka på kvart styremøte framover.

### **Styret var samde om at første avsnitt i utkast til protokoll skal endrast som følgjer:**

Saka omhandlar organisering av høgspesialiserte tenester, og om ein skal gjere ei oppsplitting av desse tenestene. Kvalitet lokalt og regionalt, konsekvensar for utdanningsfunksjonen og det å ha robuste fagmiljø har vore viktige element i denne saka. Helse Vest RHF har motteke tunge og klare faglege råd, men det er fagleg usemje. Det har også vore eit stort politisk engasjement i saka.

### **Vedtak (samråystes):**

Styret i Helse Vest RHF vedtok at utkast til protokoll jf. styresak 020/08 B, med den endring som kom fram i møte, blir lagt til grunn i føretaksmøta for Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF 7. mars 2008.

## **021/08 B Årleg melding for 2007**

### **Kommentarar:**

Helseføretakslova § 34 og vedtekten for Helse Vest RHF § 15 slår fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneholder styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Frist for innsending av årleg melding for 2007 er sett til 1. mars 2008.

Utkast til årleg melding for 2007 har vore oversendt til regionalt brukarutval. Uttale frå brukarutvalet ligg ved.

Styret var uroa over den lange ventetida på avrusing og ønskte ei orientering på neste styremøte.

### **Styret var samde om følgjande endringar i framlagt forslag til årleg melding for 2007:**

#### Side 7, siste avsnitt (nytt siste kulepunkt)

- sikre medverknad frå tillitsvalde og vernetenesta i prosessane.
- 

#### Side 9, tredje siste avsnitt (ny tredje setning samtidig som setninga etter er noko endra)

Spesialisthelsetenesta må likevel ta del i dette arbeidet, først og fremst som ein viktig kunnskapsbase for førebyggjande og helsefremmende arbeid, men også ved å delta med kompetanse i målretta tiltak i samfunnet elles. Spesialisthelsetenesta si rolle innanfor førebyggjande verksemd vil elles først og fremst vere knytt til forsking, utvikling av kunnskap om årsakene og verknadene som endra levevanar kan ha, og rådgiving relatert til det.

#### Side 11, nest siste avsnitt (ny siste setning)

Med bakgrunn i høg aktivitetsvekst siste åra, har Helse Vest RHF for 2008 likevel lagt opp ein lågare vekst.

#### Side 22, femte avsnitt

Private institusjonane endra til private ideelle institusjonane.

#### Side 31, Indikatorar/styringsvariable

Etter teksten i kulepunktet er ført til: "(International Classification of Diseases)"

Side 45, nest siste avsnitt

"Eterøyret" erstatta av "spiserøyret".

**Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende forslaget til årleg melding for 2007 med de endringar som kom fram i møtet, og oversender meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.

## 023/08 B Val av nye styre i underliggjande helseføretak

**Kommentarar:**

Dei sitjande styra i helseføretaka under Helse Vest RHF blei oppnemnde i føretaksmøte i april 2006 med unntak for styret i Helse Stavanger HF der det blei sett inn eit nytt styre i føretaksmøtet 30. mai 2007.

I tillegg til kravet om tilstrekkeleg samansatt kompetanse vil følgjande moment vere sentrale ved samansetting av helesføretakstyra:

- sikre kontinuitet og fornying
- sikre variasjon i kjønn, alder, utdanning og yrkesbakgrunn
- naturleg tilknyting til regionen
- partipolitisk fordeling
- habilitet
- RHF representasjon i helseføretaksstyra
- brukarkompetanse
- tid til å utføre styrevervet

Ved samansetting av helseføretaka sine styre er det ei rekke kompetansekrav og andre behov ein må sjå hen til:

- innsikt i og relevant erfaring frå styrearbeid
- administrativ/organisatorisk kompetanse og erfaring frå omstillingsprosesser
- økonomisk kompetanse
- rolleforståing som styremedlem i eit datterselskap i eit konsern
- evne til å balansere styret sitt arbeid/sine utspel for å sikre at føretaket skaper tillit og tryggleik hjå pasientar og innbyggjarar
- evne til å balansere "i det opne landskap" der ein må ta omsyn til politiske føringar, krav frå eigar og forventingar frå tilsette og pasientar
- evne til å ha eit heilskapleg perspektiv på oppgåveløysinga
- evne til å etter leve og iverksetje vedtak fatta av overordna organ

Magnus Skåden trakk seg 24. februar 2008 som styreleiar i Helse Fonna HF.

Møtet var lukka med heimel i Offl § 5, 1.ledd under deler av diskusjonen i denne saka.

Deltakarar frå administrasjonen, med unntak av administrerande direktør, var heller ikkje til stades under den lukka delen.

**Vedtak (samrøystes):**

1. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF, Helse Stavanger HF og Apoteka Vest HF for val av nye styre.
2. Med verknad frå 25. februar 2008 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Helse Førde HF:  
Styreleiar Clara Øberg  
Nestleiar Jorunn Ringstad  
Styremedlem Reidun K Halland  
Styremedlem Knut C Schønberg  
Styremedlem Helge Bryne

3. Med verknad frå 25. februar 2008 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Helse Bergen HF:  
Styreleiar Ranveig Frøiland  
Nestleiar Magnar Lussand  
Styremedlem Robert Erlandsen  
Styremedlem Oddny Miljeteig  
Styremedlem Sigurd Hille  
Styremedlem Signy Midtbø Riisnes  
Styremedlem Helge Bryne
4. Oppnemning av nytt styre i Helse Fonna HF er vart utsett.
5. Med verknad frå 25. februar 2008 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Helse Stavanger HF:  
Styreleiar Oddbjørg A. Starrfelt  
Nestleiar Per Endre Bjørnevik  
Styremedlem Marit Amundsen  
Styremedlem Jan Friestad  
Styremedlem Karen Irene Stangeland  
Styremedlem Helge Bryne  
Styremedlem Torunn Trøhaug
6. Med verknad frå 25. februar 2008 skal følgjande personar oppnemnast som representantar til styret i Apoteka Vest HF:  
Styreleiar Ragnhild Osmundsen  
Nestleiar Jan-Petter Stoutland  
Styremedlem Lisbeth Nærø  
Styremedlem Per Karlsen  
Styremedlem Per Kjøllesdal  
Styremedlem Bente Thorsen  
Styremedlem Nils Arne Holvik

## 023/08 B Eventuelt

### Møteplan 2008 (Oddvard Nilsen)

Styret var samde om å flytte styremøte 30. oktober til 5. november.

Dato for styremøte i mai vart ikkje endra.

Ref. Torunn Nilsen  
Stavanger 25. februar 2008

---

Oddvard Nilsen  
Styreleiar

---

Kari Oftedal Lima  
Nestleiar

---

Gunnar Berge

---

Gisle Handeland

---

Ohene Aboagye

---

Gerd Dvergsdal

---

Torhild Selsvold Nyborg

---

Gro Skartveit

---

Nils P Støyva

---

Inger F. Hamborg

---

Helge Espelid

---

Eli Moldeklev

---

Aslaug Husa

Sett: